

Fylkeskystlag – styremøte 1.okt 2020

Tid og Stad: Vestland fylkeskommune, Sandslihaugen 30, kl. 17.00

Desse møtt: Thomas Johnson, Kjell Magnus Økland, Per Otto Svenrud, Eirik Ådnanes (på tlf)

Fråfall: Liv Bjerknes, Eva Cecilie Holm

Sak 1 Oppsummering av 2020

Drøfting av stoda i Corona året 2020

Fri samtale over mange tema – for å koma i gong

årebladet, båtutlodning, rekrutteringsseminar,

Sak 2 Rekrutteringsseminar

Dagsseminar med tema rekruttering

Forbundet luftet temaet rekrutteringsseminar med Kjell Magnus og har disponible midlar. Forbundet var interessert i at det skulle skje i Bergensområde

Moglege tema

- Forgubbingsproblematikk
- Skilnad mellom by/distrikt i rekrutteringsutfordringar
- Kva skapar glede, interesse?
- Kvifor er padling meir trendy en roing?
- Innspel om prosjektstøtte og finansiering

Sak 3 Den store roen

Utlysing av den store roen på Kystkultur.no

Eit idrettslag i Nordhordland har uttrykt ønskje om å organisere den store roen 2021. Prinsipielt meiner fylkeslagsstyret at det skal vera eit kystlag som har tilstelninga. Kven dei knyt til seg som medarrangør, er noko dei sjøl kan bestemme.

Fylkesstyret ønskjer å styrke planleggingsarbeidet saman med det lokallaget som får tildelinga. Dette for å tydeleggjera forventningane om innhald. Synfaring i det tiltenkte området er ønskjeleg.

Sak 4 Årebladet

Kjell Magnus set bladet saman i oktober.

Ny innsendingsfrist 18.okt

Trykking og utsending veka etterpå slik at bladet kjem fram i slutten av oktober.

Sak 5 Framover

- Arrangør for fylkesårsmøtet 2021 utlysast på Kystkultur.no og i Årebladet
- Fylkesstyret skal sjå på om det er mogleg å koma i gong med prosjektet 'Utloddingsbåt' I 2021. Kjell Magnus tek spørsmålet om Oselvar til utlodning opp med Oselvarverkstaden.
- Fylkeskystlaget tek sikte på deltaking på landsstemnet 2021. Karttavle er under utarbeiding. Forslag om å fokusera på Den store roen som presentasjonstema. Dette vert å arbeide med vinteren/våren 2021.

Møtet slutt kl 20.00

Ref: Ths Johnson